

Quo Vadis, årbok?

I 2009 er det femte gongen mållagsfolk i Østfold har sett saman ei årbok med vår eiga vinkling på språk og kultur. Boka i år er like allsidig som dei førre bøkene – med bl.a. innslag om historie, livs-soger og politikk, noko om målarkunst og noko om folkeviser. Det er all grunn til å vere stolt over årboks-initiativet som Øyvind Bremer Karlsen sette i gang i 2005.

Dei første ca. 50 eksemplara av 2009-boka er allereie selde, men nesten berre til den "indre kjerne". Nå er det viktig at alle som vil at denne tradisjonen skal leve, slår til og tingar bøker!

Redaksjonen blir veldig glad om fleire medlemmer tenker at her har eg ein julepresang som sikkert vil glede mine kloke og vidsynte venner og familiemedlemmer, så her kan eg gjere julehandel og støtte målrørsla i Østfold samstundes.

Det er berre å vise til det gule arket i konvolutten...

Nytt av året er at ein kan teikne seg som abonnent på årboka. Det er opp til medlemsrespon-sen nå om det blir bok i 2010, òg.

Magne Aasbrenn (leiar)

Våre (nesten) heilt eigne østfoldske personnamn!

Ei side ved Østfold-språket som mange ikkje har tenkt på, er at vi har ein heilt eigen namnetradisjon i fylket. I årboka Aust i Vika 2009 har amanuensis Ivar Utne ein artig artikkel om østfoldske namn. Her er eit utdrag:

Du har nok høyrte etternamna Kjønicksen, Olavesen, Gundrosen, Brynildsen, kanskje òg Helminsen, Sypriansen og Cypriansen. Dei er laga av mannsnamn som har blitt brukt i Østfold, men lite eller nesten ikkje elles i landet. Alle saman finst i gamle slektsbøker, bygdebøker, folketeljingar og kyrkjebøker frå fylket. Der finn vi dessutan dei sjeldne fornamna Skjøller, Gøte og Guttul. Eit kvinnenamn vi kan plukke ut på same måten, er Oliana.

Blant desse namna finst det tusen år gamle norske namn som har endra uttale og utsjånad gjennom hundreåra. Slike er Brynild, Gundro, Gøte og Guttul. Mest truleg er òg Skjøller eit slikt. Andre namn har kome frå utlandet. Kjønik kan ha kome sjøvegen, og Helmin kan ha blitt laga her av kvinnenamnet Helmine som har kome same vegen. Syprian ser ut til å ha følgd ein innflyttarfamilie frå Italia.

Olaves

Olaves er ein Østfold-variant av Olav. Olaves har vore brukt rundt heile Oslofjorden og ned til og med Aust-Agder, men har vore klart mest knytt til Østfold. Historia om Olaves byrja på 1700-talet med at namnet Olaus blei laga som ei latinsk form av Olav.

Brynild

Brynild har vore i bruk som mannsnamn i Østfold og Bergen. Elles i landet har Brynild, eller Brynil, vore mest brukt som kvinnenamn. Det kan altså sjå ut som det er same namnet brukt for både menn og kvinner, men det er


nepe slik. Første delen av kvinnenamnet, som opphavleg er Brynhild, er det same som brynje. Siste delen hild tyder 'strid', og har vore brukt i kvinnenamn, og ikkje som mannsnamn.

Mannsnamnet Brynild hos oss har truleg opphav i det gamle nordiske Brynjulv. Brynild har vore i bruk som mannsnamn langs svenskegrensa, og i Halden, Tune og Råde, på 1700- og 1800-talet. Mest truleg også før det. Variantar av Brynjulv var mykje i bruk på andre sida av svenskegrensa, men hadde lite likskap med Brynild. Nokre få menn i Østfold har framleis namnet Brynild som første eller andre fornamn.

Ivar Utne



- Jæ er så ille fornøyd med atter'e jæ døpte dæ for Brynild, gutten min! (Teikning Audun Hetland, Glade Østfoldhistorier 1957)



20 år med stearinlysa tende

Laurdag 17. oktober samlast medlemmer i Østfold Mållag for å feire at det i år er 20 år sidan Østfold Mållag vart skipa.

Rammene rundt festen var dei aller beste: Ein vakker haustkveld etter ein solrik dag i ei idyllisk hytte ved Isesjø der det spraka og brann på peisen, og der peisljøsken og levande lys var einaste lyskjelda etter at sola gjekk ned.

God mat vanka: Lammefrikassé av eigen avl på Fjell gård, herlege kaker og høveleg drikke i glas og kopp.

Dei 18 som var til stades, prata, hygga seg og kosa seg med maten, avbrote av helsingar til jubilaranten, Østfold Mållag. Det var helsing frå Indre Østfold Mållag v/leiar, Eldbjørg Skaug; frå Sarpsborg Mållag v/leiar, Ragnhild Lier; frå Fredrikstad Mållag v/leiar Marit Aasbrenn og frå Noregs Mållag v/styremedlem Aud Søyland.

Leiarer i Østfold Mållag, Magne Aasbrenn, heldt minneord over medlemmer i laget som har gått bort. Vidare gav han eit riss av arbeidet i laget gjennom åra, og peika på at det er lettare å bruke både dialekt og nynorsk i Østfold i dag enn det var for 20 år sidan. Og fleire i festlyden følgde opp med taler og innlegg: Den fyrste leiarer i laget, Per Thorvald Larsen, skoda både attende og framover, og kom med tankevek-kjande refleksjonar rundt arbeidet og livet i organisasjonen. Benthe Kolberg Jansson delte med seg tankar og røynsler om arbeid med skriftspråk og skriveopplæring.

Ola Øgar Svendsen takka for maten og kom med minneglimt frå arbeidet for riksantikvaren. Elles var det fleire som kom med kortare innlegg, og slik spann vidare på trådar som var oppe i taler eller samtaler rundt bordet.

Eit høgdepunkt var utdelinga av Østfoldmålprisen 2009 til leiarer, Magne Aasbrenn, for den store innsatsen han har lagt ned for dialektbruk og nynorsk i Østfold gjennom mange, mange år. Prisen er eit bilete av østfoldkunstnaren Odd Skullerud. Å gje målprisen til Magne har vore på tale gjennom mange år, men det har ikkje vore lett å få det til, utan at hovudpersonen fekk nyss om det, og fekk avverga det. Men denne gongen greidde Fredrikstad Mållag å dra det heile i hamn. Alle er samde om at det er vanskeleg å finne ein meir verdig vinnar av Østfoldmålprisen enn Magne.

Kjellrun Hersund kåserte om kul-

turpersonlegdomen Kristian Strømshaug. Ho skisserte det breie engasjementet Kristian hadde for østfoldkulturen og kom med mange slåande eksempel på Kristians vurderingar og replikkunst.

Jubileumskvelden vart avrunda med at Wenche Mortensen, bl.a. kjend frå Korkluren, framførte folkeviser frå Østfold. Ein lydhør skare lytta til dei vakre tonane og visene. Wenche hadde mykje interessant å fortelje om korleis visene og tonane hadde vorte skrivne ned, slik at ettertida kan ha glede av denne nokså ukjende østfoldske kulturskatten.

Tida går fort i gildt lag. Ved midnattstid måtte folk bryte opp og gje seg på heimveg. Mørkt var det, men stjernene lyste.

Ros til leiarer i Østfold Mållag og til jubileumskomiteén for ei triveleg feiring i ei fin ramme.

Ragnhild Lier



FESTKLARE: Ragnhild Løken, Arild Løvestad og Per Thorvald Larsen i det fine haustlyset ved Isesjøen.

Aktuelle adresser:

Indre Østfold Mållag Eldbjørg Skaug, Skjørshammerlia 24, 1880 Eidsberg,

Sarpsborg Mållag: Ragnhild Lier, Veslemyravn. 11, 1715 YVEN

Fredrikstad Mållag: Marit Øgar Aasbrenn, Bjørndalsvn. 47, 1605 Fredrikstad

Østfold Mållags nettsider: <http://www.nynorsk.no/ml/ostfold>

Fredrikstad Mållags nettsider: <http://home.online.no/~j-heien/framsida.htm>

Østfoldmål

Meldingsblad for Østfold Mållag

Adresse: Bjørndalsvn.47, 1605

Fredrikstad

Tel. 69 31 20 48

E-post:

magne.aasbrenn@gmail.com